

Sikring i Kleivadalssvingen!

04.12.2010



Den skumle svingen er no sikra midlertidig - etter siste utforkøyring. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag kørde enda ein bil av fylkesvegen i Kleivadalssvingen og allereie dagen etter var sikringsarbeidet i gang.

Det var raskt reagert, men på høg tid ettersom problemet med denne svingen har eksistert i ei årrekke, faktisk sidan 2002, blir det påpeika av oppsittarane.

Men sikringa er midlertidig.

Samtidig er farten på staden redusert til 30 kilometer i timen.

Fleire gonger har bilar gått gjennom hekken og ned i hagen til familien Hauge. Det er i retning sørover - som venstresving - svingen har laga problem for einskilte bilførarar.

Utforkøyringane starta etterat vegen var lagt om i samband med byggjinga av gang- og sykkelvegen for 8 år sidan.

Svingen vart endra og dermed kom problemet.

Vegvesenet planla forlengjing av autovernet, men ein vassleidning, andre kablar og laus grunn hindra det. Dermed må det meir omfattande tiltak til.

Etter ei synfaring sist sommar lova Vegvesenet at noko skulle skje - det skulle koma rekksverk i september/oktober. Det vart innrømt at radien i kurva er uheldig og planen går ut på forlengjing av rekksverket med 25 meter. Dei skal grava seg ned på ein murkant og setja opp stålrekksverk, vart det opplyst i sommar. Atle Hauge har tidlegare lova gratis grunn viss sikringa blir gjennomført.

Familien har ikkje brukt øvre del av hagen på grunn av faren for dramatiske bilbesøk og har frykta å få eit stort køyretøy inn i huset. Så ille har det heldigvis ikkje gått – førebels.

Men dei tre barna har hatt forbod mot å leika på oppsida av huset.

Av Ola Matti Mathisen



Bilar på plenen hos familien Hauge er ikkje uvanleg. Dette biletet vart teke i 2007. (Foto: Kvinnheringen)